

Møteinnkalling

Utval:	Utval for opplæring og helse
Møtestad:	Fylkesutvalsalen, 3. et, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
Dato:	09.04.2019
Tid:	10:00

Program

Kl. 10:00 Sakshandsaming

Kl. 12:00 Lunsj i kantina

Kl. 12:30 Sakshandsaminga held fram

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemer i utval for opplæring og helse. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Emil Lennart Pålikoff Gadolin
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 23/19	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 24/19	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 25/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 13/19	Notat om gartnerundervisninga ved Voss vidaregåande skule	2019/2155	
RS 14/19	Årsrapport vaksenopplæringa 2018	2019/2965	
PS 26/19	Innkomne spørsmål frå politikarane		
FO 5/19	Spørsmål frå Kine Bratli Dale - A - utlån av fylkeskommunale lokaler til vaksenopplæring	2019/10137	
PS 27/19	Ymse		
PS 28/19	Disponering av investeringsmidlar 2019 - opplæringssektoren	2019/2288	
PS 29/19	Fordeling av tilskot til fagskuleutdanning	2019/1670	
PS 30/19	Svar på spørsmål vedk. finansiering av spesialundervisning ved offentlege og private skular	2019/6216	
PS 31/19	Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 2 - 2019	2019/1432	

PS 23/19 Godkjenning møteinnkalling og saksliste

PS 24/19 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

PS 25/19 Referatsaker (meldingar)

Notat

Dato: 20.03.2019
Arkivsak: 2019/2155-1
Saksbehandlar: oydzien

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Notat om gartnerundervisninga ved Voss vidaregåande skuleInnleiing

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll frå møte i Utval for opplæring og helse, 05.02.19, sak PS 5/19, der Emil Gadolin sette fram følgjande forslag:

«Utval for opplæring og helse ønsker at vaksenopplæringstilbodet ikkje blir flytta frå Hjeltnes til Voss. I den perioden som skulen nå er inne i er det viktig at heilheita i tilbodet med bla fagskole og vaksenopplæring vert bevart for å sikre ei sunn og god drift. Eventuelle diskusjonar om flytting av tilbod bør heller takast i samband med evalueringa av prosjektet med produksjonsskulen.»

Dan Femoen sette fram følgjande forslag:

«Ber om ei orienteringssak av ei eventuell flytting av vaksenopplæringstilbodet frå Hjeltnes til Voss til neste møte i Utval for opplæring og helse.»

Orienteringa i det følgjande oppsummerer

- hovudtrekk i utviklinga av opplæringstilbodet
- faglege og praktiske utfordringar ved vidare drift av tilbodet på Hjeltnes
- driftsfaglege vilkår for tilbodet på Voss vidaregåande skule
- næringsstrategiske vurderingar ved å nytta Voss som opplæringsstad for kompetansetilboda inn mot frukt- og bærneringa i nye Vestland fylkeskommune
- Voss som strategisk opplæringsstad for næringa i søknad om finansiering av tiltaket frå Mat og landbruksdepartementet

Om opplæringstilbodet

Tilbod om gartnerutdanning for vaksne har sidan 2009 vore eit tilbod ved tidlegare Hjeltnes vidaregåande skule. Frå august 2017 vart det faglege ansvaret og ansvaret for gjennomføring av tilbodet flytta til Voss vidaregåande skule i tråd med skulebruksplanen og avviking av Hjeltnes vidaregåande skule. Voss

vidaregåande skule er i denne samanhengen nettverksskule under vaksenopplæringscenteret ved Voss gymnas, jfr modell for vidaregåande opplæring for vaksne i Hordaland.

Dei vidaregåande opplæringstilboda til vaksne innanfor gartnarnæringa og landbruk / agronom er primært tilbod for vaksne som står i næringane eller skal ta over bruk. Tilboda er ikkje avgrensa av vaksenretten. Rundt rekna 90 % av deltakarane på landbruk / agronom har overtatt eller skal overta gard, medan om lag 70% av deltakarane på gartnarnæringa arbeider i næringa.

Oversikt over søkarar og inntak til opplæringstilbodet i gartnarnæringa

Elevkull	Søkartal	Inntak	Fullført og bestått	Arbeid i næringa etter fullført utdanning
2009-11	19	12	11	64%
2011-13	23	16	12	67%
2013-15	28	16	12	83%
2014-16	36	19 *	16	69%
2015-17	30	16	14	71%
2016-18	32	16	11	63%
2017-19	36	16		
2018-20	32	16		

Fagleg administrativt ansvar og økonomi

Slik det har vore inneverande skuleår, når det no ikkje er noko fagleg og administrativ tilknytning mellom Voss vidaregåande skule og Hjeltnes, medfører kursgjennomføring på Hjeltnes store bindingar på timeplanlegginga til Voss vidaregåande skule og gjer det samstundes vanskelegare å fylgje kurset opp administrativt og pedagogisk for avdelingsleiar. Opplæringstilbodet er organisert ved 3 faglærarar og 2 instruktørar frå Voss vidaregåande skule. Med reise og opplæringstimar ved Hjeltnes går heile arbeidsdagen med. Dersom tilbodet skal vidareførast på Hjeltnes også komande skuleår må budsjett for opplæringstilaket eventuelt kompensera for reise- og vikarkostnader. Det vert elles peika på at ei evaluering av produksjonsskulen på Hjeltnes ikkje kan nytta hospiterande aktivitetar som vidaregåande tilbod eller fagskuletilbod for vaksne i evalueringsgrunnlaget.

Gjennomføring av tilbodet på Voss vidaregåande skule

Voss vidaregåande skule meiner å ha tilstrekkelege opplæringsfasilitetar på Voss til å gjennomføra opplæringa ved skulen, der ein for å styrka den praktiske opplæringa kan nytta nærområdet og ekskursionar til næringane innan frukt- og bær i heile regionen. Elevane under opplæring er informert om Voss vidaregåande skule som ny opplæringsstad frå hausten. Det er elles inngått avtale om overnatting med Voss Vandrarheim for å ivareta tilreisande elevar.

Voss som opplæringsstad

I det interne samarbeidet for grøn kompetanse mellom avdelingane regional og opplæring har ein registrert dei fagleg praktiske utfordringane med Hjeltnes som undervisningsstad, samstundes som ein legg vekt på Voss som strategisk skulestad for å møta etterspurnaden etter kompetanse frå frukt- og bærnæringa i den

nye fylkeskommunen. Ein har sett det som vesentleg å etablera opplæringa på ein skule og eit fagmiljø som vert omfatta av skulebruksplanen. Det er løyvd regionale utviklingsmidlar til prosjekt «Vidareføring av gartnarutdanning for vaksne», leia av vaksenopplæringscenteret på Voss gymnas. Prosjektet skal m.a. leggje til rette for nytt samarbeid med fagmiljøa i Sogn og Fjordane. Det er elles inngått eit samarbeid med fylkeskommunen i Sogn og Fjordane med utgangspunkt i Voss som gjer at gartnar tilbodet kan rekruttera deltakarar frå næringsmiljøa i Sogn og Nordfjord.

Finansiering

Dei vidaregåande opplæringstilboda for vaksne innan gartnarnæring og landbruk har i fleire år vore finansiert av eit spleiselag mellom Hordaland bondelag og Hordaland småbrukarlag ved kompetansemidlar i jordbruksoppgjæret, og Hordaland fylkeskommune ved regionalavdelinga og opplæringsavdelinga, jfr Samarbeidsgruppa for grøn kompetanse ^①. Frå høvesvis 2018 og 2019 vart tilbodet til agronomar og til gartnarar gjort om til nasjonale opplæringsordningar for vaksne ufaglærte i grøn sektor og vart finansiert direkte over jordbruksavtalen ved Mat og landbruksdepartementet. I søknaden til landbruksdepartementet er det lagt vekt på den sentrale rolla frukt- og bærproduksjonen har i nye Vestland fylkeskommune og dermed i nasjonal samanheng, og den sentrale lokaliseringa Voss har som opplæringsstad for dei store frukt- og bærregionane i det nye fylket. Det vart for skuleåret 2019/2020 samla søkt om kr 1.695.074,- til finansiering av 2 klassar i kvart fag/nivå, til saman 4 klassar. Tiltaket fekk tildelt kr 1.650.000,- som er den største tildelinga på landsbasis.

Motstand mot å flytta tilbodet frå Hjeltnes

Etter at planane om å flytta opplæringstilbodet til Voss vart kjent, har det kome sterke ønskje og argument for å vidareføra tilbodet ved anlegget på Hjeltnes. Argumentasjonen er dels lokalt orientert og dels fagleg forankra, og har kome til uttrykk i engasjerte innlegg i lokalpressa frå m.a. Hordaland Bondelag og Sogn og Fjordane Bondelag, og i brevs form frå Hordaland Gartnarlag.

Engasjement og argument frå relevante aktørar knytt til opplæringstilbodet endrar ikkje dei regionale og opplæringsfaglege vurderingane som er gjort ved å velja Voss vidaregåande skule som opplæringsstad, som skissert ovanfor. Styrken og breidda i engasjementet mot flytting tilseier like fullt at ein for alle praktiske omsyn kan opna for å gjennomføra opplæringstilbodet for skuleåret 2019 – 2020 på Hjeltnes. Fylkesrådmannen vil vurdere lokaliseringa på nytt ved etablering av Vestland fylkeskommune.

①

Samarbeidsgruppa for grøn kompetanse består av deltakarar frå Hordaland Bondelag, Hordaland bonde og småbrukarlag, Innovasjon Norge/landbruk, Fylkesmannen landbruksavdelinga, HFK ved regionalavdelinga og opplæringsavdelinga.



Notat

Dato: 18.03.2019
Arkivsak: 2019/2965-1
Saksbehandlar: stiaas9

Til: Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Årsrapport vaksenopplæringa 2018

Ved inngangen til 2019 stod om lag 40.000 hordalendingar mellom 20 og 49 år utan fullført vidaregåande opplæring, fagbrev, yrkeskompetanse eller studiekompetanse. Talet ber bod om eit stort behov for kursplassar for vaksne. Ikkje alle vaksne veit at dei har lovfesta rett til gratis vidaregåande utdanning.

Sidan 2017 har det vore 5 senter for vaksenopplæring i Hordaland. Sentra har ansvar for organisering av utdanningstilbod, handsaming av søknader, realkompetansevurdering og studierettleiing. Sentra har òg ansvar for strategi og samarbeid med andre aktørar i eigen region. 3 av sentera har ansvar for yrkesfag og studiekompetansefag. I Bergen er faga fordelt på to store senter. Sentra er knytt til vidaregåande skular.

I 2018 var det 1490 nye kursplassar i vaksenopplæringa. Totalt var det undervisning i 24 ulike fag, knytt til 8 utdanningsprogram. Av dei som tek opplæring gjennom vaksenopplæringa ser ein at det er om lag 62 % kvinner. 60 % bur i Bergen og deltakerane har heile 80 ulike morsmål.

Årsrapporten vert også i år publisert digitalt, dette for å kunne dela innhaldet i rapporten på nett og via sosiale medium. Formatet er også ein meir kostnadseffektiv måte å arbeide på.

<https://www.hordaland.no/vo-arsrapport>

PS 26/19 Innkomne spørsmål frå politikarane

Skriftlig spørsmål til møte I OPHE 9. april 2019:

I Lov om voksenopplæring (Voksenopplæringsloven) står det følgende i paragraf 7:

§ 7. Gratis bruk av undervisningslokaler

Undervisningslokaler der driftsutgiftene dekkes av det offentlige, skal etter søknad stilles vederlagsfritt til disposisjon for studieforbund og medlemsorganisasjoner ved avholdelse av kurs med tilskudd etter kapittel 2 i loven. Departementet gir nærmere forskrifter.

Forskriften for studieforbund og nettskoler omtaler gratis bruk av offentlige undervisningslokaler i paragraf 10:

§ 10. Gratis bruk av offentlige undervisningslokaler

Når det avholdes kurs med tilskudd etter kapittel 2 i forskriften, skal arrangøren ikke belastes utgifter vedrørende lokaler, lys, varme, renhold, tilsyn og bruk av utstyr i lokalene. Første punktum gjelder kurs som avholdes på hverdager i undervisningsåret, undervisningsferier unntatt, og ikke varer lenger enn til kl. 21.00. For utlån ut over dette må det treffes særskilt avtale med lokaleier.

Lokaleier kan fastsette utfyllende regler for utlån av offentlige undervisningslokaler og -utstyr. Reglene må ikke diskriminere mellom kursarrangører, men bør kunne gi muligheter for prioritering av tiltak og grupper ut fra voksenopplæringslovens formål.

Det bør utarbeides en samlet utlånsplan for bruk av undervisningslokalene på grunnlag av utlysning, søknader og et avtalt låneforhold med den enkelte kursarrangør.

Etter bruk skal lokaler og utstyr være i samme stand som ved overtakelsen.

Ved utlån av spesialrom/skoleverksteder må det avtales hensiktsmessige kontrollordninger.

Kursarrangør er økonomisk ansvarlig for skader som måtte oppstå vedrørende utstyr og materiell.

Kursarrangøren skal sørge for at kursdeltagerne blir kjent med gjeldende bestemmelser for bruk av lokaler og utstyr.

Forskriften omtaler at det bør utarbeides en samlet utlånsplan for bruk av undervisningslokalene på grunnlag av utlysning, søknader og avtalt låneforhold med den enkelte kursarrangør.

Har Hordaland fylkeskommune planer om å utarbeide en samlet plan for utlån av skolelokalene Hordaland Fylkeskommune eier? Studieforbundene og deres medlemsorganisasjoner opplever ofte at lokaleier ikke stiller sine

skolelokaler til disposisjon. Dette gjelder særlig i Bergen sentrum og ved de nye skolene i bydelene.

Fra: Kine Bratli Dale (kinebratli@gmail.com)

Sendt: 31.03.2019 22:48:41

Til: Folkevalde

Kopi:

Emne: Skriftlig spørsmål til møte i OPHE 9. april 2019

Vedlegg: Skriftlig spørsmål om utlån av skolelokaler.docx

Hei,

Vedlagt følger et skriftlig spørsmål angående utlån av fylkeskommunens lokaler til voksenopplæring.

Mvh

Kine Bratli Dale

Arbeiderpartiet

PS 27/19 Ymse



Arkivnr: 2019/2288-2
Saksbehandlar: Marit Virkesdal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	28/19	09.04.2019

Disponering av investeringsmidlar 2019 - opplæringssektoren

Samandrag

I denne saka vert fordelinga av investeringsmidlar til ulike område i opplæringssektoren lagt fram. Til saman er det 22 millionar kroner i investeringsmidlar som skal bli fordelt i opplæringssektoren i 2019; 18 millionar som i budsjett 2018 er omtala som større undervisningsutstyr og 4 millionar til utstyr yrkesfag, som førebels ligg i driftsbudsjettet. Fylkesrådmannen tilrår tildeling av 18,7 millionar kroner i denne omgang, medan resterande 3,3 millionar kroner vert delt ut i september.

Det vert tilrådd følgande hovudprinsipp for tildeling i 2019:

1. Utstyr vert prioritert før ikt/av-utstyr, transportmiddel og møblar/inventar.
2. Skular som ikkje har fondsmidlar bør bli prioritert framfor skular med fondsmidlar.
3. Skular som ikkje fekk tildelt midlar i 2018, eller fekk tildelt ein liten del av investeringsmidlane i 2018, vert prioritert framfor skular som i 2018 vart tildelt ein større del av midlane.
4. Skular som har vore under ombygging/rehabilitering og som ikkje har fått tildelt midlar til alt naudsynt utstyr, bør bli prioritert for å få fullført prosjekta på ein god måte. Det same gjeld skular som er under ombygging og som vil trenge mykje nytt utstyr som det ikkje er budsjettert med i byggjeprojektet.
5. Skular som har fått nye utdanningsprogram eller programområde, eller som skal starte opp med nye frå hausten 2019 bør bli prioritert.
6. Nokre skular med særleg kostnadskrevjande utdanningsprogram vert prioritert kvart år for å fordele investeringsbehovet.

Økonomi: Fordeling av 22 millionar kroner til større undervisningsutstyr og utstyr yrkesfag.

Klima: Ingen kjend effekt.

Folkehelse: Ingen kjend effekt.

Regional planstrategi: Ingen kjend samanheng.

Forslag til vedtak

I denne saka vert 18,7 millionar kroner av totalt 22 millionar kroner til større undervisningsutstyr og utstyr yrkesfag fordelt. Fylkesdirektør opplæring får fullmakt til å fordele resterande 3,3 millionar kroner i september.

Følgande hovudprinsipp vert tilrådd for tildeling i 2019:

- 1 Utstyr vert prioritert føre ikt/av-utstyr, transportmiddel og møblar/inventar.
- 2 Skular som ikkje har fondsmidlar bør bli prioritert framfor skular med fondsmidlar.
- 3 Skular som ikkje fekk tildelt midlar i 2018, eller fekk tildelt ein liten del av investeringsmidlane i 2018, vert prioritert framfor skular som i 2018 vart tildelt ein større del av midlane.
- 4 Skular som har vore under ombygging/rehabilitering og som ikkje har fått tildelt midlar til alt naudsynt utstyr, bør bli prioritert for å få fullført prosjekta på ein god måte. Det same gjeld skular som er under ombygging og som vil trenge mykje nytt utstyr som det ikkje er budsjettert med i byggjeprojektet.
- 5 Skular som har fått nye utdanningsprogram eller programområde, eller som skal starte opp med nye frå hausten 2019 bør bli prioritert.
- 6 Nokre skular med særleg kostnadskrevjande utdanningsprogram vert prioritert kvart år for å fordele investeringsbehovet.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.03.2019

I denne saka vert fordelinga av investeringsmidlar til ulike område i opplæringssektoren lagt fram. Til saman er det 22 millionar kroner i investeringsmidlar som vert fordelt; 18 millionar som er omtala som «Større undervisningsutstyr» og ekstraløyvinga på 4 millionar kroner til «Søkbar pott, utstyr yrkesfag» som førebels ligg i driftsbudsjettet.

Bakgrunn

Dei siste åra har rutinen vore at dei vidaregåande skulane og fagskulane som har trong for utstyr, søker opplæringsavdelinga om investeringsmidlar. Avdelinga vil i 2019 gå gjennom og vurdere mottekne søknader to gonger (mars og september). Det meste av midlane er i denne saka foreslått fordelt ut i april, då det tek tid å gjennomføre innkjøpsprosessane. Søknadene vert vurdert mot generelt behov, krav i læreplanar og strukturelle endringar, til dømes nye utdanningstilbod, kor mykje skulane vart tildelt i 2018 og kor mykje fondsmidlar skulane har.

Frå 2012 vart utstyrspotten i driftsbudsjettet som fylkesdirektør opplæring disponerte, kraftig redusert. Ein er difor no avhengig av å bruke investeringsmidlar for å kunne tildele midlar til dei utstyrsføremåla som skulane har behov for.

Skulane melder om etterslep og behov for investeringar i diverse utstyr. Typiske føremål for utstyrsinvesteringar dei siste åra har vore kjøp av maskiner og utstyr til ulike utdanningsprogram, diverse IT og telefoni, kjøp av transportmiddel og dessutan møblar og inventar.

Det har årleg vore sett av 30 millionar kroner til større undervisningsutstyr. Desse midlane har blant anna vore brukt til IT/telefoni, møblar, inventar, innkjøp og oppgradering av maskiner og utstyr til yrkesfag. I budsjettet for 2019 vart denne potten delt i to; IT-investeringar og større undervisningsutstyr, og der det berre er midlar til større undervisningsutstyr som skulle koma til fordeling i eiga politisk sak. Dette er årsaka til at potten til større undervisningsutstyr i 2019 er redusert til 18 millionar, i tillegg til potten på 4 millionar kroner til utstyr på yrkesfag.

Større undervisningsutstyr (18 mill) og Søkbar pott, utstyr yrkesfag (4 mill)

I 2018 vart det i tilsvarende sak om disponering av investeringsmidlar fordelt 17,9 millionar kroner til utstyrsmidlar til skulane, samt 4 millionar kroner til utstyr yrkesfag, totalt 23,9 millionar kroner. På grunn av store investeringsbehov blei det i tillegg omprioritert nokre midlar frå driftsbudsjettet til investering. Dette utgjorde 4,7 millionar kroner. Totalt fekk derfor skulane tildelt 28,6 millionar kroner til større undervisningsutstyr og utstyr yrkesfag i 2018.

Første frist for skulane om å søkje om investeringsmidlar var 17.mars 2019. Opplæringssektoren har mottatt søknadar på totalt 54,3 millionar kroner.

Midlane til større undervisningsutstyr kan alle skular søkje om midlar frå, medan midlane til utstyr yrkesfag skal gå til yrkesfaglege utdanningsprogram. Pr i dag er det berre tre skular som ikkje har yrkesfaglege utdanningsprogram.

Det er hovudsakleg utstyr skulane søker om midlar til (45,9 mill.kr av 54,3 mill.kr), men på grunn av stadig knappare driftsbudsjett og ingen andre investeringsmidlar disponert av sektoren, har det kome inn nokre søknader knytt til transportmiddel, IKT og AV-utstyr, samt møbler og inventar.

Fylkesrådmannen tilrår at det i denne omgang vert delt ut 18,7 av totalt 22 millionar, og at fylkesdirektør opplæring får fullmakt til å dele ut resterande 3,3 millionar i september 2019. Om skular melder tilbake i løpet av året at dei ikkje kjem til å bruke opp tildelte midlar, får fylkesdirektør opplæring fullmakt til å omdisponere midlane.

Store investeringsbehov gjer at det kan vere tenleg å ha nokre hovudprinsipp for prioritering av midlane. Fylkesrådmannen tilrår at utstyr vert prioritert føre ikt/av-utstyr, transportmiddel og møblar/inventar. Skular som ikkje har fondsmidlar bør bli prioritert framfor skular med fondsmidlar. Skular som ikkje fekk tildelt midlar i 2018, eller fekk tildelt ein liten del av investeringsmidlane i 2018, vert prioritert framfor skular som i 2018 vart tildelt ein større del av midlane. Skular som har vore under ombygging/rehabilitering og som ikkje har fått tildelt midlar til alt naudsynt utstyr, bør bli prioritert for å få fullført prosjekta på ein god måte. Det same gjeld skular som er under ombygging og som vil trenge mykje nytt utstyr som det ikkje er budsjettert med i byggjeprojektet. Skular som har fått nye utdanningsprogram eller programområde, eller som skal starte opp med nye frå hausten 2019 bør bli prioritert. Nokre utdanningsprogram eller programområde har særleg kostnadskrevjande utstyr. Det kan vere tenleg at nokre skular med slike utdanningsprogram vert prioritert kvart år for å fordele investeringsbehovet.

Vedlagte forslag til fordeling viser at i overkant av halvparten av midlane som vert foreslått delt ut går til skular som ikkje har fondsmidlar. Det vil vere tenleg å ikkje berre sjå på størrelsen på den enkelte skule sitt disposisjonsfond, men også sjå det i samanheng med størrelsen på den enkelte skule sitt driftsbudsjett.

Nokre skular har vore under ombygging/rehabilitering dei siste åra. I dei tilfella der ikkje alt naudsynt utstyr og inventar har vore budsjettert i byggeprojektet, vil det vere tenleg å prioritere at desse skulane får utstyrsmidlar til å dekkje dette. Dette gjeld til dømes Tertnes, Årstad, Odda og Arna.

Skular som er under ombygging og som innan kort tid vil trenge mykje nytt utstyr som ikkje er inkludert i byggeprojektet bør bli prioritert. Dette gjeld til dømes Åsane og Fyllingsdalen.

Når skular skal starte opp med nye utdanningsprogram eller programområde er det viktig at dei får midlar til å investere i alt naudsynt utstyr for å kunne gje eit godt tilbod til elevane frå skulestart. Kor mykje og kor dyrt utstyr som er naudsynt vil variere stort. Skular som treng utstyr til nye programområde er til dømes Osterøy, Kvinnherad og Knarvik.

Nokre utdanningsprogram eller programområde har særleg kostnadskrevjande utstyr. For å fordele kostnadane til desse skulane vil det vere tenleg å prioritere nokre av desse skulane kvart år. Dei maritime utdanningane ved Austevoll, Rubbestadnes og Bergen maritime er døme på kostnadskrevjande utdanningar. I 2018 vart opplæringsfartøyet ved Austevoll vidaregåande skule prioritert. I 2019 bør Rubbestadnes og Bergen maritime bli prioritert.

Fagskolen i Hordaland har i fleire år fått tildelt ein stor del av opplæringssektoren sine investeringsmidlar. Dei har framleis store investeringsbehov og har utarbeidd ein investeringsplan for perioden 2019-2023. I 2019 søker fagskolen blant anna om 1,5 millionar kroner til eigenandel for å investere i ein cyber-fysisk fabrikk med ein totalkostnad på 7,35 millionar kroner. Søknaden er ein del av eit større prosjekt der det i tillegg vert søkt om utviklingsmidlar frå DIKU.

Prinsippa over er meint som hovudprinsipp som skal vere styrande for tildelingane. Det bør likevel vere mogleg å gjere unntak frå desse prinsippa i særlege tilfelle.

Oversikta under viser oversikt over innkomne søknadar, samt revidert budsjett 2018, fondsmidlar ved utgangen av 2018, kor stor prosent fondsmidlane utgjer av det reviderte budsjettet, kor mykje investeringsmidlar dei fekk tildelt i 2018, samt forslag til tildeling i april. Skular som ikkje har søkt om investeringsmidlar i 2019 er ikkje med i oversikta.

Fylkesdirektør opplæring får fullmakt til å spesifisere kva den enkelte skule eventuelt skal prioritere av det dei har søkt om.

Skulenamn	Søknadsbeløp inkl moms	Revidert budsjett 2018	Fondsmidler pr 31.12.2018	%fond vs budsjett	Tildelte investerings- midlar 2018	Forslag til tildeling i april
Os gymnas	412 500	21 066 581	1 554 202	7 %	-	400 000
Kvam	650 000	31 189 169	1 559 458	5 %	130 000	650 000
Tertnes	875 000	45 287 313	-		2 450 000	500 000
Langhaugen	630 000	58 058 071	1 427 005	2 %	750 000	380 000
Bergen Katedralsskole	403 666	93 938 658	4 696 933	5 %		
Bømlo	630 000	30 950 246	-			630 000
Osterøy	2 825 500	31 297 212	-		500 000	1 000 000
Sandsli	519 000	49 724 803	-		1 020 000	519 000
Odda	2 028 000	37 607 306	-		1 812 500	1 500 000
Kvinnherad	2 134 125	51 367 278	2 210 898	4 %	-	300 000
Rubbestadnes	2 214 000	20 700 055	-		510 616	1 500 000
Slåtthaug	1 652 000	64 041 833	2 922 676	5 %	273 656	329 000
Knarvik	1 094 000	118 746 440	1 725 705	1 %	1 000 000	700 000
Arna	1 012 000	33 965 873	1 698 294	5 %	1 230 000	775 000
Åsane	3 336 006	76 504 766	-		800 000	1 500 000
Årstad	3 182 469	137 002 026	1 490 164	1 %	1 350 000	1 000 000
Austrheim	1 720 000	29 903 807	-		500 000	1 000 000
Askøy	1 119 000	59 627 216	2 981 361	5 %	500 000	
Fusa	1 525 000	42 593 852	2 129 693	5 %	130 000	
Sotra	2 426 000	107 093 977	1 770 092	2 %	250 000	1 000 000
Os	6 520 000	60 542 715	-		500 000	1 500 000
Fyllingsdalen	2 125 000	59 647 203	624 264	1 %	884 843	1 000 000
Fitjar	520 000	26 350 192	1 554 202	6 %	439 000	
Bergen maritime	835 000	34 333 290	1 716 665	5 %	1 144 265	375 000
Hardanger Produksjonsskule	475 000	1 682 395	917 818	55 %	277 500	
Stend	237 000	104 595 207	5 229 760	5 %	440 000	
Olsvikåsen	775 000	61 317 903	3 065 895	5 %		
Nordahl Grieg	835 000	109 135 313	2 918 889	3 %	275 000	
Stord	1 950 000	105 224 550	5 261 228	5 %	2 875 849	
Amalie Skram	1 380 000	90 472 190	809 358	1 %	357 020	500 000
Voss vgs.	4 692 500	72 327 554	3 616 378	5 %	-	
Voss gymnas	715 000	71 067 120	3 553 356	5 %	-	
Produksjonsskolen (Hyssingen)	366 250	7 517 133	-		-	120 000
Manger folkehøgskule	200 000	2 804 024	1 554 202	55 %	-	
Fagskolen i Hordaland	2 300 000	14 396 388	2 331 427	16 %	2 000 000	1 500 000
	54 314 016	1 962 079 659	59 319 921		22 400 249	18 678 000

Oversikt over søknadar pr mars 2019

Skulenamn	Søknadsbeløp inkl moms	Søker om
Os gymnas	412 500	15 stasjonære datamaskiner til oppstart av valfritt programfag i e-sport
Kvam	650 000	Installasjonsarbeid/ omlegging av trådløst nettverk i Kvam, avd. Øystese
Tertnes	875 000	AV-utstyr til 7 klasserom som ikkje var med i byggeprosjektet
Langhaugen	250 000	Nye skap til alle tilsette til oppbevaring av sensitive opplysningar.
Langhaugen	380 000	Prosjektorar mm
Bergen Katedralsskole	293 220	Nytt lydanlegg gymsal
Bergen Katedralsskole	66 364	Lysanlegg
Bergen Katedralsskole	44 083	Nytt scenetepp
Bømlo	300 000	Senger mm
Bømlo	330 000	El-bil (har ingen bilar pr i dag)
Osterøy	540 000	Oppstart utstyr til Vg2 helsearbeidarfaget
Osterøy	275 000	Etablering og teknisk utstyr til leilegheit med smarthusteknologi og velferdsteknologi. Samarbeidsprosjekt med Osterøy kommune.
Osterøy	448 000	2 stk. dreiebenkar type SJ-410x1000G
Osterøy	312 500	1 stk. Brennebord
Osterøy	1 250 000	1 stk. 5-akset cnc-styrt fres
Sandsli	250 000	Pultar til 2 klasserom og stolar til 4 klasserom
Sandsli	269 000	Utstyr til kjemiøvelsar
Odda	200 000	Brukt rubbhall
Odda	450 000	Plasmabrennebord
Odda	400 000	Innbygging av separator-rigg
Odda	50 000	3D- printer
Odda	50 000	Destillator
Odda	300 000	Robot
Odda	100 000	Utstyr til kjemi-prosess laboratorie.
Odda	100 000	5 stk øvingsenger
Odda	125 000	Alarmanlegg classesett
Odda	40 000	Fres/Boremaskin
Odda	13 000	Hardhetstester
Odda	100 000	Industriutstyr
Odda	100 000	Kanoer
Kvinnherad	300 000	Utstyr oppstart kjemi og prosess
Kvinnherad	1 031 000	Maskiner/utstyr TP
Kvinnherad	200 000	Utstyr byggfag
Kvinnherad	170 000	Utstyr SS

Kvinnherad	433 125	Robotarm
Rubbestadnes	597 000	TEELE309901 energibenk 3000 og Festo opplæringsstasjon til automasjon
Rubbestadnes	370 000	INPAC1230V 32stk grunnpakker AC1
Rubbestadnes	197 000	Sol og vindturbin hybridstasjon
Rubbestadnes	300 000	2 stk CAT opplæringsmotorar
Rubbestadnes	50 000	Planslipebord
Rubbestadnes	250 000	Overflatebehandlingsutstyr
Rubbestadnes	350 000	Ombygging og programvareoppdatering av CNC fres og dreiebenk
Rubbestadnes	100 000	1 stk 3D-printer for plast
Slåtthaug	473 000	Motorbenk for testing, analyse og målingar
Slåtthaug	850 000	Utstyr kjøretøy
Slåtthaug	329 000	Bygge omsorgslaboratorium
Knarvik	130 000	2 stk klassesett med VR-briller til bruk i klasserom
Knarvik	130 000	Undervisningsutstyr til nyoppretta linje Barne- og ungd.arbeider
Knarvik	160 000	Nytt skyllerom HO
Knarvik	110 000	Utstillingsmontre for elevarbeid
Knarvik	350 000	EL-bil Nissan 7-seter. Transport til byggeplass. Utskifting av utrangert buss
Knarvik	105 000	Jekk til bilhall
Knarvik	109 000	3D-printer med utstyr
Arna	237 000	Fres og båndsag
Arna	775 000	Minibuss til transport av elever og utstyr (utsifting av 2003-modell)
Åsane	113 118	Div. utstyr fellesfag "grønt skifte"
Åsane	125 000	Stillas m/hengar
Åsane	215 000	Maskinverktøy bygg
Åsane	562 500	Minigravar med hengar og utstyr
Åsane	222 500	Kaffemaskin til oppstart på nye Åsane, salg, service og reiseliv. Skal brukes til salg av kaffe.
Åsane	118 988	Treningsrom; tredemølle, ellipsemaskin, spinningsykkel, ergometersykkel.
Åsane	1 390 000	Pallejekk, stabler, skyvemast, el.truck, dieseltrucker
Åsane	588 900	Slipebord, bendicrop, swift-curl
Årstad	365 000	Undervisningspakke fiberteknologi
Årstad	241 250	Teknologilab for programmering av roboter
Årstad	226 250	Modell for opplæring i energiproduksjon
Årstad	460 409	Sanserom innreiing og utstyr
Årstad	524 000	Kroppspøving + felles sosial aktivitetspark

Årstad	356 250	Storskjerm, spottar og prosjektor til fleirbruksrom i A-bygget
Årstad	152 000	Sjakerom
Årstad	250 000	Nursing Anne simulator
Årstad	232 310	Oppstart av teknologi og forskningslære med tverrfaglig prosjekt i dronebygging
Årstad	375 000	Gaminglab til undervisning i fellesfag og programfag både på yrkesfaglege og studiespesialiserande utdanningsprogram. Pcer, iPader og VR-briller
Austrheim	900 000	Vg2 kjøretøy: Modell for hybrid (Functional model for electric drives and high voltage) inkludert tilbehør
Austrheim	250 000	Vg2 kjøretøy: Modell for lys og kommunikasjon – Can-vegg
Austrheim	450 000	CNC brennebord
Austrheim	120 000	3 stk 3D-printarar
Askøy	220 000	Fres til å lage egne kretskort i undervisninga
Askøy	369 000	Utstyr til undervisning i Elektro-pneumatikk
Askøy	150 000	3D-utstyr til undervisninga
Askøy	260 000	2 nye manuelle dreiebenkar
Askøy	120 000	Utstyr til grunnopplæring kjøretøy (YFF TP)
Fusa	255 000	Oppgradering med m.a spesialskap til gass-/syre-/radioaktivt materiale
Fusa	325 000	Aluminiumsbåt, motor og tilhengjar
Fusa	825 000	3 manuelle dreiebenker a 270 000
Fusa	120 000	4 sveisemaskiner m/utstyr a 36 000
Sotra	186 000	Industrirobot
Sotra	150 000	Lasermaskin til gravering og skjæring
Sotra	1 376 000	Diverse utstyr kjøretøy
Sotra	140 000	Pumpemodell med nivåregulering
Sotra	574 000	Fysikkutstyr til ST teknologi
Os	450 000	3 løftebukkar pga at dei gamle ikkje lenger er godkjende
Os	150 000	3 løftebukkar
Os	270 000	Corpuls 3
Os	500 000	Dreiebank
Os	187 500	Møblering av velferdsteknologirom
Os	150 000	Stillas
Os	687 500	Bytte av 5 tonn dieseltruck til 5 tonn elektrisk truck
Os	250 000	Utstyr til bruk i praksis
Os	2 500 000	Simulator
Os	750 000	Semitralle
Os	625 000	Whiteboard til klasserom

Fyllingsdalen	875 000	Underviskningskjøkken og kantinekjøkken
Fyllingsdalen	250 000	Nytt praksisrom HO/TO
Fyllingsdalen	125 000	Ståkateter alle klasserom
Fyllingsdalen	875 000	Whiteboard i alle klasserom
Fitjar	150 000	Drivhus
Fitjar	130 000	Nytt undervisningsutstyr på 3 kjøkken
Fitjar	240 000	Skifte ut ein EL-golf til ein nyare modell med lengre rekkevidde
Bergen maritime	460 000	Oppgraderingspakke vg1
Bergen maritime	375 000	Oppgraderingspakke opplæringsfartøy vg2 maritime fag og vg3 maritim elektriker
Hardanger Produksjonsskule	225 000	Digital verkstad (utdanningsprogram service og samferdsel m.m.)
Hardanger Produksjonsskule	250 000	Kreativ verkstad (utdanningsprogram DH, KDA, MK m.m.)
Stend	112 000	8 kajakkar til idrettsfag og friluftsliv
Stend	125 000	Av-utstyr i gymsalen
Olsvikåsen	500 000	Velferdsteknologisk utstyr
Olsvikåsen	275 000	Etablering spesialrom til programmering (inventar)
Nordahl Grieg	835 000	Rehabilitering og utviding av kjøkken
Stord	120 000	Stolar til konsertsal
Stord	200 000	Pulter og stolar til 2 klasserom
Stord	150 000	Solskjerming klasserom
Stord	120 000	Crossfitrom
Stord	130 000	Tredemøller - 2 stk
Stord	100 000	Touch-tavler til 2 klasserom
Stord	800 000	Dreiebenker
Stord	150 000	Hydrolikkvogn
Stord	180 000	Flerkamasystem
Amalie Skram	400 000	10 videokamera
Amalie Skram	600 000	30 speilreflekskamera
Amalie Skram	230 000	Maskin for fleirkamera TV produksjon
Amalie Skram	150 000	Mikrodatamaskiner til teknologi og forskningslære
Voss vgs.	250 000	Heetweed ugrasbekjempar
Voss vgs.	192 500	RM-utstyr til bakeavdeling
Voss vgs.	187 500	EL-bil
Voss vgs.	125 000	Brakke til byggeplass m/toalett
Voss vgs.	500 000	Innreiing grisehus: overgang FTS
Voss vgs.	437 500	Demo EL-bil og supplering av modeller til TIP-undervisninga
Voss vgs.	218 750	Frekvensomformarar og Smart Home styring fra Eaton
Voss vgs.	1 000 000	Intelligent energi/drivhus

Voss vgs.	468 750	Ny minibuss
Voss vgs.	187 500	Tak til "horseworker"
Voss vgs.	1 000 000	Skogstraktor
Voss vgs.	125 000	Autobygg komplett
Voss gymnas	200 000	Robot
Voss gymnas	515 000	9 seter minibuss VW Caravelle
Produksjonsskolen (Hyssingen)	213 750	Film-utstyr til produksjon av film på Kulturverkstaden
Produksjonsskolen (Hyssingen)	152 500	Forskalingsutstyr og stillas til bygg- og anleggsverkstedet
Manger folkehøgskule	200 000	Utbedring av akustikk i Storsalen - lyddemping
Fagskolen i Hordaland	1 500 000	Cyber-fysisk fabrikk med total kostnad på 7,35mill
Fagskolen i Hordaland	800 000	Spesiallaga verktøy til ny utdanning i "Klassisk bygningshåndverk og restaturering.
Totalt	54 314 016	

Fylkesrådmannen, 22.02.2019

Fagskulen har utarbeidd ein langsiktig investeringsplan i tråd med strategi og behov for investeringar ved dei ulike utdanningstilboda. Investeringsplanen viser behova skulen har, samt prioriteringa for investeringane. Det totale behovet frå 2019 – 2023 bereknar seg til kr. 23 mill., med eit årleg investeringsbehov på kr 4,6 mill. Planen vil verte nytta når fagskulen til dømes søker om utviklingsmidlar hjå Diku eller investeringsmidlar frå Hordaland fylkeskommune.

Fagskulen har også utarbeidd ein finansieringsplan som syner korleis investeringsbehovet er tenkt finansiert. Investerings- og finansieringsplan følgjer på dei neste sidene.



Utdanning	Omtale	Sum	2019	2020	2021	2022	2023
Bygg	Lydmålarar	200.000	200.000				
	Betonglaboratorie	1.000.000				1.000.000	
	Skulen har ikkje betong-lab i dag						
Klassisk bygningsvern og restaurering	Spesiallaga verktøy	800.000	800.000				
KEM	Oppstart haust 2019	200.000			200.000		
	Oppgradering av KEM-laboratorie	3.000.000	1.500.000	1.500.000			
CNC og robotteknologi	Industri 4.0 laboratorieutstyr						
	Robot – CNC benk						
	Oppstart 2. klasse haust 2019						
Maskinteknikk	Materialprøvebenk	1.000.000			1.000.000		
	Sambruk med prosessutdanninga						
Elkraft	Laboratorieutstyr til demo av: Brenselceller, solceller, batteriteknologi («grøn energi») Ny søknad til NOKUT, spesialisering innan elektro 60 stp.	3.000.000				1.500.000	1.500.000
Automatisering	Cyber – Physical system Sambruk med CNC og robotteknologi	2.000.000				400.000	1.600.000
	Digitalt laboratorie	250.000	500.000				
	Brukast til nettundervisning mellom samlingar						
Prosess	Kjemi- og prosesslaboratorie	1.500.000					1.500.000
	Dagens lab tilfredsfiller ikkje krava til eit laboratorie						
Boring	Oppgradering av boresimulator	500.000	500.000				
	Nye projektorar i simulatorrommet						
Havbunnsinstallasjoner							
Maskinoffiser	Laboratoriemodell for Batteriferje- maskineri	900.000			900.000		
	Ny teknologi for maskiner på ferjer						
Deksoffiser	«Brief» rom – studiestad Austevoll	200.000	200.000				

	-instruktørstasjon 2 stk. 86 tommer skjermar								
	Skipmodell for servicefartøy – studiestad Austevoll	1.100.000					1.100.000		
	Knytt opp mot ny utdanning innan havbruksteknologi								
	Oppgradering til K-Sim lastesimulator – studiestad Bergen	800.000					800.000		
	Simuleringsutstyr for Azipod propell- og rorsystem – studiestad Bergen	400.000					400.000		
	Oppgradering av eksisterende navigasjonsbruer for utvida visualisering frå 120 til 180 grader – studiestad Bergen	800.000		400.000			400.000		
Havromsteknologi – «Grøne skiftet»	Laboratoriemodellar Vindmøllleteknologi, Havbruk Ny utdanning – Søknad til NOKUT	1.600.000					500.000	700.000	
Lokal matkultur	Fortsatt oppbygging av ny utdanning Inventar og utstyr Oppstart 2. klasse nett haust 2019 Første kull ferdig vår 2021	500.000		500.000					
Nye utdanningar	Framtidas behov	3.000.000					1.000.000	1.000.000	
Investeringsbehov totalt		23.000.000	4.600.000	4.600.000	4.600.000	4.600.000	4.600.000	4.600.000	4.600.000

Finansieringsplan for planlagte investeringar ved Fagskolen i Hordaland.

	Arleg løyving	SUM	2019	2020	2021	2022	2023
Investeringsmidlar frå styret for Fagskolen i Hordaland (HFK)	1.000.000	5.000.000	1.000.000	1.000.000	1.000.000	1.000.000	1.000.000
KD – løyvingar for auka kvalitet i fagskuleutdanninga	2.000.000	10.000.000	2.000.000	2.000.000	2.000.000	2.000.000	2.000.000
Fagskolen i Hordaland EVU – verksemd	1.000.000	5.000.000	1.000.000	1.000.000	1.000.000	1.000.000	1.000.000
Hordaland fylkeskommune (Vestland)	600.000	3.000.000	600.000	600.000	600.000	600.000	600.000
Regionale utviklingsmidlar	4.600.000	23.000.000	4.600.000	4.600.000	4.600.000	4.600.000	4.600.000

Regulering for prisvekst er ikkje tatt med.



Arkivnr: 2019/1670-8
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	29/19	09.04.2019

Fordeling av tilskot til fagskuleutdanning

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har ansvar for at det vert tilbydd fagskuleutdanning i regionen som imøtekjem kompetansebehovet lokalt, regionalt og nasjonalt. Ramma for eksterne (private/ideelle) fagskular i 2019 er over fylkesbudsjettet sett til om lag 6,8 mill. Av desse er om lag kr 4,1 mill. bunde til tilbod som vart starta opp tidlegare. Basert på dette er det om lag 2,7 mill. til nye studentar hausten 2019, og det vert tilrådd å starte opp med 7 nye grupper hausten 2019. Det er tre fagskular som har søkt om tilskot til nye grupper hausten 2019. Dei tre fagskulane er: AOF Vestland, Fagskolen Aldring og helse og Folkeuniversitetet Øst.

Økonomi: Tilskotet er ei øyremerkta inntekt til fagskuleutdanning over statsbudsjettet i 2019.

Klima: Ingen kjent effekt.

Folkehelse: Tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag skal gje helsefagarbeidarar tilgang til kompetanseheving og spesialisering med fagskuleutdanning. Dette er i tråd med samhandlingsreforma.

Regional planstrategi: Fordeling av tilskot til fagskuleutdanning i Hordaland er i tråd med Regional plan for kompetanse og arbeidskraft om å tilby fagskuleutdanning i høve til regionen sitt kompetansebehov.

Forslag til vedtak

Hausten 2019 vert det vedteke å opprette følgjande grupper:

Fagskule	Tilbod	Omfang	Nye grupper Hausten 2019	Kommentar
AOF Vestland	Psykisk helsearbeid	60	1	
	Miljøarbeid i tjenester for mennesker med utviklingshemming	60	1	
	Miljøarbeid i tjeneste for mennesker med utviklingshemming (Stord)	60	1	Utan forventning om nytt opptak hausten 2020, men forventa nytt opptak hausten 2021
	Ernæring i pleie- og omsorgstjenester	30	1	

	Ernæring for mennesker med utviklingshemming*	30	0	Skulen kan velje å starta opp dette i staden for ernæring i pleie og omsorgstenester dersom godkjent.
	Demensomsorg	30	1	
Fagskolen Aldring og helse	Utviklingshemming og aldring	60	1	
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60	0	Fagskolen kan veksle på sine to tilbod, med start annakvart år
Folkeuniversitetet Øst	Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming	60	1	
Sum nye grupper hausten 2019			7	

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 13.03.2019

Hordaland fylkeskommune har ansvar for at det vert tilbydd fagskuleutdanning i regionen som imøtekjem kompetansebehovet lokalt, regionalt og nasjonalt. Utval for opplæring og helse (OPHE) har etter delegasjonsreglementet ansvar for å fordele tilskot til eksterne fagskular som har studiestad i Hordaland. Etter omlegginga av finansieringsmodellen for fagskuleutdanning i 2018 vedtok OPHE nye prinsipp for tildeling av tilskot. Forum for fylkesutdanningssjefer (FFU) si kompetansegruppe for fagskuleforvaltning arbeider fortsatt saman med fagskulekontaktane i alle fylkeskommunane om vidare samordning av tilskotsordninga, og det vil gjerne føre til forslag til endringar og forbetringar av dagens praksis. Dette arbeidet er venta å vere ferdig til sumaren.

Ved tilskotsfordelinga i år er det dei gjeldande prinsipp som er lagt til grunn, og dei er som følgjer:

Prinsipp for tilskotsordning

- Finansieringa vert gitt med eit grunntilskot (80 %) og eit resultatbasert tilskot (20 %)
- Det skal vere lik sats for like tilbod uavhengig av fagskulen si tilhøyrse (offentleg/privat)
- Tilboda skal vere stykkprisfinansiert.
- 2 satsar: 1 for stadbasert og nettbasert med fysiske samlingar, og 1 for reine nettbaserte tilbod
- Det blir gitt 80/20-finansiering for nye studentar frå og med hausten 2018.
- I 2019 vil tilbydarane få resultatbasert tilskot basert på studiepoengeiningar (60 stp.) produsert i 2017.
- Studentane vert talde éin gong i året – studenttalet per 1. oktober kan danne grunnlaget for tilskot kvart år.

Spesielt for helsefag

- Følgjande satsar vert nytta i :
 - Stadbasert – 81 000,-
 - 80 % - 64 800,-
 - 20 % - 16 200,-
 - Nettbasert – 56 000,-
 - 80 % - 44 800,-
 - 20 % - 11 200,-
- Tilskot vert betalt ut kvart halvår.

Tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag ved Fagskolen i Hordaland vert gjeve over fylkesbudsjettet frå om med 2019.

Ved tildeling av tilskot er det høveleg å operere med grupper. Det vil seie at dersom ein t.d. gir tilskot til 20 studentar vert dette grunntilskotet vidareført for denne gruppa i minst eitt år. Dette vil bidra til ei meir føreseieleg ordning både for tilbydarane og fylkeskommunane ved at ein alltid kan operere med eit gitt tal med grupper som er innanfor fylkeskommunen si ramme. Finansiering av grupper vil også bidra til at føremålet med resultatbasert tilskot får den tiltenkte verknaden.

Vidare er det lagt til grunn at det er ønskjeleg å vidareføre omfanget av aktiviteten som ein fagskule har så lenge tilbodet er etterspurt av arbeidslivet.

Fordeling av tilskot til Kunstscolen i Bergen (KIB) vart fordelt over fylkesbudsjettet i 2019 fordi Kunnskapsdepartementet har gjeve føringar om at tilskotet til 14 private fagskular som tidlegare fekk statstøtte direkte frå departementet skal vidareførast utan endring fram til og med 2020. Kunstscolen i Bergen er ein av dei 14 private fagskulane.

Ramme for tilskotet i 2019

Ramma for eksterne (private/ideelle) fagskular i 2019 er over fylkesbudsjettet sett til om lag 6,8 mill. Av desse er om lag kr 4,1 mill. bunde til tilbod som vart starta opp tidlegare. Basert på dette er det om lag 2,7 mill. til nye studentar hausten 2019.

Tilskotsmidlar 2019	6 844 000
Bundne midlar 2019	4 115 020
Midlar nye grupper	2 728 980

Jf. satsane til fagskuleutdanning innan helsefag omtalt over, samt lagt til grunn at det vert gjeve grunntilskot til grupper på 20 studentar, vil det vere rom for om lag 8 nye grupper hausten 2019. Likevel vert det tilrådd å berre starte opp med 7 nye grupper denne hausten slik at tildelinga ikkje skapar meirforbruk i 2020 og 2021 i høve til forventa ramme dei neste åra. Dette vert illustrert og forklart meir seinare i saka.

Søknadar

Det er tre fagskular som har søkt om tilskot til nye grupper hausten 2019. Dei tre fagskulane er:

- AOF Vestland
- Fagskolen Aldring og helse
- Folkeuniversitetet Øst

Folkeuniversitetet Øst og Fagskolen Aldring og helse har ikkje forretningsadresse i Hordaland, men har godkjent studiestad i Bergen for studia det vert søkt tilskot til. AOF Vestland har forretningsadresse i Bergen.

Dei tre fagskulane har søkt om følgjande nye grupper:

Tabell 1. Tilbod det er søkt om nye grupper til hausten 2019.

Fagskule	Start	Tilbod	Omfang	Studenttal	Merknad
AOF Vestland	aug.19	Psykisk helsearbeid	60	25	
AOF Vestland	aug.19	Miljøarbeid i tjenester for mennesker med utviklingshemming	60	25	
AOF Vestland	aug.19	Miljøarbeid i tjenester for mennesker med utviklingshemming	60	20	Studie- stad Stord
AOF Vestland	aug.19	Ernæring i pleie- og omsorgstjenester	30	25	
AOF Vestland	aug.19	Ernæring for mennesker med utviklingshemming*	30	25	
AOF Vestland	aug.19	Demensomsorg	30	25	
Fagskolen Aldring og helse	aug.19	Utviklingshemming og aldring	60	20	
Folkeuniversitetet Øst	aug.19	Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming	60	25	
Sum talet på nye studieplasser det vert søkt om				190	

*Ventar på godkjenning frå NOKUT.

AOF Vestland

AOF Vestland har søkt om totalt 6 grupper med til saman 145 studentar. Utdanninga Miljøarbeid i tjenester for mennesker med utviklingshemming er det søkt om tilskot til både i Bergen og på Stord. I dag har AOF Vestland 4 tilbod med totalt 105 studentar per. 1. mars 2019.

Tabell 2. Tal på studentar ved AOF Vestland frå våren 2018 til våren 2019

AOF Vestland	2018		2019
	Vår	Haust	Vår
	Tal studentar	Tal studentar	Tal studentar
Demensomsorg	15	20	15
Ernæring i pleie- og omsorgstjenester		25	20
Miljøarbeid i tjenester for mennesker med utviklingshemming	35	35	30
Psykisk helsearbeid	40	40	40
Sum	90	120	105

Tala er henta frå Database for statistikk om høgre utdanning (DBH). Teljetidspunkta er 1. mars og 1. oktober kvart år. Tala er ikkje heilt presise på grunn av anonymisering jf. personvernlovgjevinga (GDPR).

AOF Vestland syner god rekruttering og gjennomføring ved sine utdanningar. I fagskulen si årsmelding kjem det også fram at fagskulen får gode tilbakemeldingar frå studentar og arbeidsliv i høve til utdanningane. Fagskulen skriv i sin søknad at dei har god dialog med kommunane og har samarbeidsavtaler.

AOF Vestland har søkt tilskot til:

- Demensomsorg (30 stp., deltid)
 - Fagskulen har samarbeid med Stiftelsen Bergenslinikkene, Olaviken og Lindås kommune i høve til innhald i utdanninga. Tilbodet rekrutterer godt.
- Ernæring i pleie- og omsorgstjenester (30 stp., deltid)
 - Tilbodet er utvikla i samarbeid med Bergen kommune og var godkjent av NOKUT i 2016.
- Ernæring for mennesker med utviklingshemming (30 stp., deltid)
 - Det er søkt NOKUT om godkjenning ved søknadsfristen 1. mars 2019. Tilbodet er utvikla i samarbeid med Bergen kommune som ønskjer ein klasse på 20 studentar hausten 2019 dersom tilbodet vert godkjent av NOKUT i tide.
- Psykisk helsearbeid (60 stp., deltid)
 - Fagskulen har gode tal på søkjarar til dette tilbodet kvart år, og opplever at det er eit stort behov for denne kompetansen ved ulike einingar i helsesektoren.
- Miljøarbeid i tjeneste for mennesker med utviklingshemming (60 stp., deltid)
 - Fagskulen samarbeider mellom anna tett med Bergen kommune og peiker vidare på at dette tilbodet har eit solid og stabilt fagmiljø. Fagskulen rapporterer om stabile tal på søkjarar, i tillegg til at Stord kommune etterspør ein klasse. Det er om lag 20 tilsette på venteliste på Stord.

Fagskolen Aldring og helse

Fagskolen aldring og helse har søkt om éi ny gruppe med 20 studentar til utdanninga Utviklingshemming og aldring med studiestad i Bergen. Fagskolen Aldring og helse starta i fjor opp for fyrste gong éi gruppe på deltid med studiestad i Bergen innan Demensomsorg og alderspsykiatri . Fagskolen Aldring og helse er lokalisert i Vestfold og er eigd av Sykehuset i Vestfold HF. Fagskulen si årsmelding syner at studentane ved fagskulen er nøgde.

Tabell 3. Tal på studentar ved Fagskolen Aldring og helse frå hausten 2018 til våren 2019

Fagskolen Aldring og helse	2018		2019
	Vår	Haust	Vår
	Tal studentar	Tal studentar	Tal studentar
Demensomsorg og alderspsykiatri	0	30	20

Tala er henta frå Database for statistikk om høgare utdanning (DBH). Teljetidspunkta er 1. mars og 1. oktober kvart år.

Fagskolen aldring og helse har søkt tilskot til:

- Utviklingshemming og aldring (60 stp., deltid)
 - Tilbodet er etterspurt av Bergen kommune, og det er eit nært samarbeid om rekruttering. Så langt er det 5 kvalifiserte søkjarar per 5. mars 2019, og fagskulen arbeider saman med Bergen kommune om å rekruttere fleire. Fagskulen ønskjer å veksle på å starta opp dei to utdanningane dei har godkjenning for, slik at det kvart år er en gruppe gåande innan kvar av utdanningane.

Folkeuniversitetet Øst

Folkeuniversitetet Øst har per i dag ingen stadbasererte tilbod i Bergen. Fagskulen har tidlegare forsøkt å starta opp tilbodet Rehabilitering i Bergen, men det er ikkje starta opp. I 2018 var det ikkje nok midlar til å starta opp eit ekstra tilbod, og tilbodet vart derfor ikkje prioritert den gong. I år søker fagskulen om tilskot til utdanninga Psykiske lidelser og aldring hos personar med utviklingshemming med studiestad Bergen. Folkeuniversitetet Øst samarbeider med Folkeuniversitetet Vestlandet om drift og marknadsføring av tilbodet.

Folkeuniversitetet Øst har søkt tilskot til:

- Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming (60 stp., deltid)
 - Folkeuniversitetet opplever stor pågang frå kommunar i høve til dette tilbodet, og det er allereie 11 personar som er interessert i tilbodet i Bergen. Folkeuniversitetet Vestlandet har eit stort kontaktnett innan helse- og omsorgssektoren, og vil nytte seg av dette i vidare rekruttering. Folkeuniversitetet søker om 25 studieplasser.

Framskriving

Hausten 2018 og våren 2019 var det 7 grupper gåande i Hordaland under denne tilskotsordninga. Av desse er det 4 grupper som er ferdig utdanna til sumaren 2019. Jf. prinsipp for tilskotsordninga skal det vektleggjast vidareføring av aktivitetsnivået og stabilitet for tilbydarane, og det er såleis lagt til grunn i framskrivinga at dagens aktivitet vert vidareført. Basert på dette skal det startast opp 5 tilbod hausten 2019 for å vidareføra aktiviteten. I tillegg er det som nemnt over rom for ytterlegare 3 tilbod, men på grunn av framskrivinga under vert det tilrådd å berre starta opp ytterlegare 2 tilbod. Berekningane baserar seg på eit fast gruppetal på 20 studentar. Det er til nokre tilbod søkt om 25 studentar, men det er ikkje føreslått å gje tilskot til større grupper en på 20 studentar.

Tabell 4. Framskrivning av kostnader knytt til auke i tilbudet hausten 2019

Fagskule	Tilbod	Omfang	Vår 19	Haust 19	Vår 20	Haust 20	Vår 21	Haust 21
AOF	Psykisk helsearbeid	60	728 875	666 400	666 400	666 400	666 400	666 400
	Miljøarbeid i tjenester for mennesker med utviklingshemming	60	687 225	666 400	666 400	666 400	666 400	666 400
	Miljøarbeid i tjenester for mennesker med utviklingshemming (Stord)	60	-	333 200	333 200	333 200	333 200	333 200
	Ernæring i pleie- og omsorgstjenester	30	333 200	333 200	333 200	333 200	333 200	333 200
	Ernæring for mennesker med utviklingshemming*	30	-	-	-	-	-	-
	Demensomsorg	30	333 200	333 200	333 200	333 200	333 200	333 200
Fagskolen Aldring og helse	Utviklingshemming og aldring	60	-	333 200	333 200	333 200	333 200	333 200
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60	333 200	333 200	333 200	333 200	333 200	333 200
Folkeuniversitetet	Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming	60	-	333 200	333 200	666 400	666 400	666 400
Sum Semester			2 415 700	3 332 000	3 332 000	3 665 200	3 665 200	3 665 200
Sum Budsjettår				5 747 700		6 997 200		7 330 400

*Ikkje NOKUT-godkjent ved søkjartidspunkt.

- Våren 2019 har høgare kostnader ved einkilde grupper grunna overgangen frå gamal til ny ordning. Frå og med hausten 2019 er kostnadene like på tvers av gruppene.
- Gruppene som er markert med feit skrift er tilbud som fylkeskommunen enten har bunde seg til tidlegare, eller som skal vidareførast med bakgrunn i prinsipp om vidareføring av aktivitet.

Tabell 4 syner at det vert føreslått ein auke ved å starte opp tilbud innan Miljøarbeid i tenester for mennesker med utviklingshemming ved AOF Vestland på Stord, og Psykiske lidelser og aldring hos personar med utviklingshemming i Bergen ved Folkeuniversitetet Øst. Fordelinga og gruppene vert omtalt nærare under.

Dersom ein legg denne framskrivinga til grunn vil det vere eit mindreforbruk på om lag kr 400 000,- i 2019. I framskrivinga er det to tilbydarar som ikkje har hatt studentar lenge nok til at dei får resultatbasert tilskot, og noko av midlane som er til overs kan nyttast til å styrke desse tilboda i 2019. Det resultatbaserte tilskotet vert berekna ut i frå produksjon av studiepoeng to år tilbake i tid.

Forslag til nye grupper hausten 2019

Som nemnt tidlegare er det rom for 2 nye grupper hausten 2019, samt ei vidareføring av aktiviteten med 5 grupper. I tabell 5 under vert det føreslått at AOF Vestland og Folkeuniversitetet Øst får ein auke med éi gruppe kvar. På grunn av framskrivinga i tabell 4 over vert det føreslått at auken ved AOF Vestland ikkje vert ein fast årleg auke, men ein auke annakvart år. Dersom det skal starta opp ei gruppe på Stord kvart år, vil det skapa for høg aktivitet i høve til forventa ramme i 2020 og 2021. Vidare vert fordelinga som er føreslått forklart ved kvar av fagskulane under.

Tabell 5. Forslag til nye grupper hausten 2019

Fagskule	Tilbod	Omfang	Nye grupper Hausten 2019	Kommentar
AOF Vestland	Psykisk helsearbeid	60	1	
	Miljøarbeid i tjenester for mennesker med utviklingshemming	60	1	
	Miljøarbeid i tjenester for mennesker med utviklingshemming (Stord)	60	1	Utan forventning om nytt opptak hausten 2020, men forventa nytt opptak hausten 2021
	Ernæring i pleie- og omsorgstjenester	30	1	
	Ernæring for mennesker med utviklingshemming*	30	0	Skulen kan velje å starta opp dette i stedet for ernæring i pleie og

				omsorgstenester dersom godkjent.
	Demensomsorg	30	1	
Fagskolen Aldring og helse	Utviklingshemming og aldring	60	1	
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60	0	Fagskolen ønsker å veksle på sine to tilbud, med start annakvart år
Folkeuniversitetet Øst	Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming	60	1	
Sum nye grupper hausten 2019			7	

AOF Vestland

Fagskulen har søkt om 6 nye grupper hausten 2019, og inkludert tilboda skulen har gåande ville det blitt totalt 8 grupper. For å vidareføre dagens aktivitet ved AOF må det opprettast 4 nye grupper hausten 2019. Som vist vert det føreslått å gje auke i tilskotet til ei gruppe ved tilbodet Miljøarbeid i tjenester for mennesker med utviklingshemming på Stord. Dette tilbodet vil såleis vere aktivt både i Bergen og på Stord. Det er per i dag ikkje rom i ramma framover til at dette kan vere ein årleg auke, og det vert derfor lagt opp til at ei gruppe kan starta opp annakvart år på Stord dersom det er behov for det. Dersom Hordaland fylkeskommune får nye studieplassar over statsbudsjettet i 2020, vil fagskulen kunne søkje om å få dette som ein årleg auke dersom det er behov for det.

I høve til tilbodet Ernæring for mennesker med utviklingshemming som ikkje er godkjent enda, vert det føreslått at AOF kan få veksle mellom dette tilbodet og Ernæring i pleie og omsorgstjenester dersom det førstnemnte vert godkjent. Det vil sei at fagskulen kan starta opp det tilbodet som dei meiner det er størst behov for denne hausten på bakgrunn av innspel frå arbeidslivet.

Fagskolen Aldring og helse

Fagskulen har søkt om å starte opp éi ny gruppe hausten 2019, medan det er éi gruppe gåande. Dagens aktivitet ved Fagskolen aldring og helse vert vidareført ved å opprette ei ny gruppe hausten 2019. Fagskulen ønsker å veksle mellom dei to tilboda dei har godkjenning for, og dette bidreg til variasjon for regionen. Som vist over vert det føreslått å gje tilskot til ei ny gruppe i Utviklingshemming og aldring.

Folkeuniversitetet Øst

Fagskulen har søkt om éi ny gruppe innan Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming. Det vert føreslått å gje tilskot til ei ny gruppe til Folkeuniversitetet Øst slik det vert søkt om, og at det vert lagt opp til ei årleg vidareføring, slik at fagskulen kan starta opp eitt nytt tilbud kvar haust. Dette er føreslått prioritert ved Folkeuniversitetet fordi det vil vere gunstig for fagmiljøet å ha to grupper gåande samtidig når det ikkje er andre tilbod i Bergen ved denne fagskulen. Vidareføring neste haust er sjølvstøtt avhengig av behov i arbeidslivet og eit berekraftig studentgrunnlag ved fagskulen.



Arkivnr: 2019/6216-1

Saksbehandlar: Linda Farestveit/Birthe Haugen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	30/19	09.04.2019

Svar på spørsmål vedk. finansiering av spesialundervisning ved offentlege og private skular

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til PS 87/18 frå møte i utval for opplæring og helse 16.10.2018 og RS 58/2018 frå møte i OPHE 06.11.18. Under PS 87/18 la Tor Andre Ljosland (KrF) fram følgjande forslag som vart vedteke: «Utval for opplæring og helse ønskjer ein politisk sak på korleis midlar til spesialundervisning skal finansierast til offentlege og private skular. Det vert og ønska belyst både finansieringsmodell og økonomiske tildelingar totalt sett.»

RS 58/18 gjer greie for prinsippa som er lagt til grunn for dagens økonomiske modell for berekning av budsjetttrammer og fordeling av midlar til spesialundervisning i offentlege og private vidaregåande skular. Denne saka utdjupar og drøftar fylkeskommunen sitt ansvar knytt til finansiering og kvalitetsoppfølging av spesialundervisningsfeltet og svarar på spørsmåla frå Tor André Ljosland i RS 58/18.

Framtidig modell for finansiering og kvalitetsoppfølging av spesialundervisningsfeltet er eit viktig tema i samband med drøftingane knytt til samanslåinga av dei to fylka. I arbeidet vil ein sjå nærmare på kva modell som skal leggjast til grunn for berekning både av storleiken på den økonomiske ramma til spesialundervisning og prinsipp for fordeling til skulane. Sjølv om det ikkje er eit krav at fylkeskommunen skal fullfinansiere all spesialundervisning vil ein i prosessen sjå nærmare på korleis fylkeskommunen skal oppfylle sine forpliktingar slik at ein sikrar dei individuelle rettane til elevane, og forsvarlege, likeverdige og føreseielege rammevilkår for skulane. Ein framtidig modell bør vise korleis berekning av budsjett og rammer byggjer på analyser av historiske data når det gjeld behov og omfang for spesialundervisning.

Økonomi: Ingen effekt

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ingen effekt

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse tek saka til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.03.2019

Fylkesrådmannen viser til PS 87/18 frå møte i utval for opplæring og helse 16.10.2018 og RS 58/2018 frå møte i OPHE 06.11.18. Under PS 87/18 la Tor Andre Ljosland (KrF) fram følgjande forslag som vart vedteke: «Utval for opplæring og helse ønskjer ei politisk sak på korleis midlar til spesialundervisning skal finansierast til offentlege og private skular. Det vert og ønska belyst både finansieringsmodell og økonomiske tildelingar totalt sett.»

Hordaland fylkeskommune har ansvar for vidaregåande opplæring i 33 vidaregåande skular jf. oppl § 13-3, spesialundervisning ved 12 friskular jf. friskulelova §3-6,2.ledd, samt ansvar for all opplæring for elevar i sosiale og medisinske institusjonar jf §13-3a. Det lovpålagte ansvaret ved friskulane gjeld berre spesialundervisning, medan fylkeskommunen har ansvar for all opplæring ved dei offentlege vidaregåande skulane og etter opplæringslova §§13-10,13-3.

Retten til spesialundervisning er tett knytt saman med den ordinære opplæringa som har eit bærande prinsipp om rett til tilpassa opplæring. Dette prinsippet er heimla i opplæringslova § 1-3 og i friskulelova § 3-4a. Prinsippet er likelydande i dei to lovene når det gjeld elevar sin rett: Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte elev. Retten til spesialundervisning heng derfor delvis saman med skulen si evne til å tilpasse den ordinære opplæringa. Elevar som *ikkje har* eller som *ikkje kan få* tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet har rett til spesialundervisning, jf oppl. §5-1, 1. ledd. Denne retten gjeld tilsvarande for elevar i private skular, jf friskulelova § 3-6, 1. ledd.

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) har ansvar for å vurdere om ein elev *ikkje har*, eller *ikkje kan få* tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, og såleis har rett til spesialundervisning. Tenesta sitt oppdrag er heimla i opplæringslova § 5-3 og friskulelova § 3-6, 2. ledd. I Hordaland fylkeskommune er dette ansvaret lagt til seksjon OT/PPT. PPT er sakkunnig instans for friskulane og dei offentlege skulane. OT/PPT deltek i ressursteam ved alle skular og alle har kontaktpersonar frå OT/PPT. OT/PPT sine sakkunnige vurderingar er rådgjevande, jf merknader frå Ot.prp. nr 46 (1997-98) til § 5-3. Ved dei offentlege skulane i Hordaland fylkeskommune er det rektor som fattar enkeltvedtak, medan vedtak ved dei private vert fatta av fylkesdirektør opplæring v/seksjon skule.

Omfanget av spesialundervisning ved dei ulike skulane heng saman med fleire forhold; skulen sin moglegheit til å tilpasse opplæring, fysiske rammer i skulen, elevsamansetning, inntak, kompetanse i skulen og elevane sine vanskar. Ein ser at skular som har mange elevar som er tatt inn på særskilte vilkår og/eller har låge inntakspoeng, ofte treng meir ressursar til spesialundervisning. OT/PPT må gjere sine vurderingar ut frå ei heilskapleg vurdering av kva som er eit forsvarleg opplæringstilbod for den einskilde elev. Det vert presisert i merknader frå Ot.prp. nr 46 (1997-98) til § 5-6 at fylkeskommunen ikkje kan instruere kva dei pedagogisk-faglege vurderingane skal gå ut på.

Sjølv om dei sakkunnige vurderingane til OT/PPT er rådgivande vert det presisert i lova at fylkeskommunen har grunngjevingsplikt dersom vedtaket avvik frå den sakkunnige vurderinga. Her er det også viktig å understreke at fylkeskommunen ikkje kan grunngje avvik frå sakkunna med t.d. manglande økonomi jf merknader frå Ot.prp. nr 46 til §5-1.

Det er fleire dilemma knytt til fylkeskommunen sitt ansvar for å etablere eit forsvarleg system i tråd med lov og regelverk. På den eine sida skal fylkeskommunen sikre at ein tar vare på den einskilde elev sin individuelle rett til å få vurdert læringsutbytte og moglegheiter for tilrettelegging innanfor ordinære rammer, og sikre eit likeverdig opplæringstilbod for alle, uavhengig av funksjonsnivå. For dei elevane som treng det vil det kunne vere eit opplæringstilbod med avvik frå læreplan og organisering. Fylkeskommunen skal sikre eit forsvarleg system for oppfølging av skulen sitt spesialundervisningstilbod gjennom individuelle opplæringsplanar (IOP) og evaluering av opplæringstilbodet.

På den andre sida er det viktig at ein modell for organisering og finansiering av spesialundervisning gir tilstrekkeleg insentiv til at skulane viser vilje og evne til å utvikle eit tilpassa opplæringstilbod gjennom pedagogiske og organisatoriske tiltak innanfor ordinære rammer. Den individuelle retten skal takast vare på,

samstundes som ein må sikre at skulane arbeider målbevisst for å sikre betre kompetanse om tilpassa opplæring og kva det inneber for den enkelte lærar sin praksis og skulen si organisering av opplæringa. Før OT/PPT gjer si vurdering om ein elev *ikkje har* eller *ikkje kan få* tilfredstillande utbytte av den ordinære opplæringa, må skulen gjere ei sjølvstendig vurdering av eleven sine behov. Skulen skal ha vurdert og eventuelt prøvd ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet jf oppl § 5-4. Etter anbefaling frå UDIR skriv alle skular derfor pedagogisk rapport kor dei gjer greie for si vurdering og kva dei har prøvd ut. Denne vurderinga skal OT/PPT ha frå skulen før dei gjer sine undersøkingar og vurderingar.

Det følger av friskulelova § 3-6, 2. ledd at *«heimkommunen eller heimfylket til eleven sørger for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering og gjer vedtak om spesialundervisning. Heimkommunen eller heimfylket skal dekkje utgiftene til spesialundervisning i frittstående skolar på lik linje med offentlege skolar. Berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning. I tvilstilfelle avgjer departementet kva kommune eller fylkeskommune som er ansvarleg for kostnadene. Departementet har tilsvarande ansvar for elevar ved norske skolar i utlandet»*

Ordlyden «på lik linje» tilseier at fordelinga av midlar skal være likeverdig mellom friskular og offentlege skular. Det er ikkje lovfesta at vedtak om spesialundervisning skal fullfinansierast av fylkeskommunen eller at vedtak om spesialundervisning skal følgjast opp med midlar som dekkjer alle utgifter. Lovteksten gir inga klar beskriving av korleis midlane skal fordelast, men gir dei ulike fylkeskommunane høve til å sjølv å velje den løysinga dei vurderer som mest tenleg så lenge friskulane og offentlege skular blir behandla likt.

«Verken friskuleloven § 3-6 eller forarbeidene gir noen nærmere anvisning på hvordan utgiftsdekningen til spesialundervisning skal beregnes og departementet er kjent med at bestemmelsen praktiseres ulikt». (Prop 78 pkt. 3.5.1.). Etter departementets vurdering vil eit krav til likebehandling mellom offentlege skular og friskular vere meir treffsikkert enn nasjonalt fastsette satsar. Det betyr at det ikkje er krav om at fylkeskommunen må fullfinansiere vedtak om spesialundervisning time for time jfr. prop 78. «Uavhengig av hvilke kriterier som legges til grunn vil det alltid kunne være en risiko for at skolene i enkelte tilfeller får en tildeling som er mindre enn de faktiske utgifter, mens det i andre tilfeller vil være omvendt. Men dette vil i så fall være likt for offentlige skoler og friskoler».

I samband med drøftingane knytt til samanslåinga av dei to fylka er framtidig modell for kvalitetsoppfølging og økonomistyring av spesialundervisningsfeltet eit viktig område. Det er så langt ikkje konkludert på kva modell som skal leggjast til grunn i Vestland fylkeskommune. I arbeidet vil ein sjå nærmare på kva modell som skal leggjast til grunn for berekning både av storleiken på den økonomiske ramma til spesialundervisning og prinsipp for deling til skulane. Sjølv om det ikkje er eit krav at fylkeskommunen skal fullfinansiere all spesialundervisning vil ein i prosessen sjå nærmare på korleis fylkeskommunen skal oppfylle sine forpliktingar slik at ein sikrar dei individuelle rettane til elevane, og forsvarlege, likeverdige og føreseielege rammevilkår for skulane. Ein framtidig modell bør vise korleis berekning av budsjett og rammer byggjer på analyser av historiske data når det gjeld behov og omfang for spesialundervisning.

I det følgjande vil fylkesrådmannen svare på dei spørsmåla som vart stilt av Tor Andre Ljosland:

Del 1

1. Hvor mange timer spesialundervisning er innvilget av OT/PPT i Hordaland fylkeskommune?

Det er ikkje OT/PPT som innvilgar spesialundervisning. OT/PPT tilrår, jf. opplæringslova kap. 5. Fylkesdirektør opplæring har delegert ansvar for å fatte enkeltvedtak på bakgrunn av sakkunnig vurdering til rektorane i dei offentlege skulane. Seksjon skule fattar enkeltvedtak om spesialundervisning for elevar i friskular.

a. Tal timer vedtak om spesialundervisning i offentlig skule

Dei fleste elevane i HFK med vedtak om spesialundervisning er elevar som er tatt inn gjennom inntak med frist 1. februar, og som ikkje har føresetnader for å få karakterar. Dette kan enten vere elevar med sterkt nedsett funksjonsevne (jf. § 6-17 i forskrift til opplæringslova) eller elevar som manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga (jf. § 6-22 i forskrift til opplæringslova). Desse elevane har som

oftast avvik frå den ordinære læreplanen i alle fag, og har fått tilråding frå PPT om opplæring i mindre grupper.

For elevar som har fått tilråding om opplæring i mindre grupper organiserer HFK opplæringa i tre typer tilrettelagte grupper:

- Lita gruppe HTH (kvardagslivstrening – elevar med sterkt nedsett funksjonsevne)

Opplæringa er tilrettelagt for elevar med store hjelpebehov og med rett til omfattande spesialundervisning, med avvik frå den ordinære læreplanen i alle fag, som ikkje klarar å få karakterar. Målet er at elevane skal få betre kompetanse til å meistre ein framtidig tilrettelagt arbeids-, bu- og fritidssituasjon. Opplæringa skal mellom anna kvalifisere for eit meir sjølvstendig liv. Målgruppa er elevar som har behov for eit varig tilrettelagt omsorgstilbod.

- Lita gruppe HTA (arbeidslivstrening – elevar med sterkt nedsett funksjonsevne)

For nokre elevar vil det vere aktuelt å få opplæring med mål om kompetanse for å kunne meistre tilrettelagt arbeid på ein ordinær arbeidsplass eller i ei vekstbedrift. Fylkeskommunen gjer avtalar med vekstbedriftene om utprøving. Elevane har avvik frå den ordinære læreplanen i alle fag og får ikkje karakterar.

- Eiga gruppe (HT – elevar som manglar karakter i meir enn halvparten av faga)

Desse gruppene er tenkt til elevar som har rett til spesialundervisning og som i utgangspunktet har mål om eit lære kandidatløp. Læring gjennom praksis er ein sentral metode i slike grupper, og det blir lagt stor vekt på sosial læring og anna trening for framtidig arbeid. Elevane kan også få praksis i arbeidslivet. For nokre elevar kan det vere aktuelt å ha heile opplæringsløpet i gruppa, for andre kan det vere aktuelt å gå over til ordinære grupper på Vg1 eller Vg2. Elevar i eiga gruppe som kan få grunnlag for vurdering med karakter i nokre fag, kan også få høve til det.

I HFK er det også nokre elevar med vedtak om spesialundervisning som er tatt inn med mål om karakter i faga og som får opplæring i ordinære klassar. Dette gjeld dei færraste elevar med spesialundervisning i HFK. Når ein ser på friskulane i Hordaland er dei fleste elevar med vedtak om spesialundervisning tatt inn med mål om karakter i faga og får opplæring i ordinære klassar. Friskulane har som regel få søkjarar med sterkt nedsett funksjonsevne eller med mål om lære kandidatløp. Dei siste åra har det stort sett berre vore om lag 3-4 elevar som er tatt inn i friskulane med sterkt nedsett funksjonsevne. Finansiering av spesialundervisning til denne gruppa i friskulane vert berekna på grunnlag av eigne satsar.

Tal timer spesialundervisning i offentlege skular Hordaland fylkeskommune

Tal elevar i offentlege skular, HFK, per år:

Indikator og nøkkeltal	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Tal på elevar	16 195	16 317	15 983	15 857
Tal på skular	43	40	34	33

Kilde: skoleporten.udir.no

Tal elever i offentlege skular med spesialundervisning, HFK, per år:

Skuleår	Tal elever i ordinære klassar	Prosent av totalt elevtal i HFK	Tal elever i grupper	Prosent av totalt elevtal i HFK
2015-2016	77	0,47%	753	4,6 %
2016-2017	117	0,72%	564	3,4 %
2017-2018	132	0,83%	692	4,3 %
Haust 2018	207	1,3%	606	3,8 %

Kilde: Kvalitetsmelding og NSSU (elektronisk vertkøy for handsaming av søknader om spesialundervisning)

2015 - 2016

Elevar med vedtak om spesialundervisning i ordinære klassar:

Lærartimar: 15442 (klokkeimar) Assistentimar: 3428 (klokkeimar)

Elevar med vedtak om spesialundervisning i tilrettelagte grupper:

- 299 HT elevar = 293319 klokkeimar totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev
- 221 HTA elevar = 216801 klokkeimar totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev
- 107 HTH elevar = 104967 klokkeimar totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev

2016 - 2017

Elevar i ordinære klassar:

Lærartimar: 18926 (klokkeimar) Assistentimar: 4464 (klokkeimar)

Elevar i tilrettelagte grupper:

- 285 HT elevar = 279585 klokkeimar totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev
- 197 HTA elevar = 193257 klokkeimar totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev
- 105 HTH elevar = 103005 klokkeimar totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev

2017 - 2018

Elevar med vedtak om spesialundervisning i ordinære klassar:

Lærartimar: 16123 (klokkeimar) Assistentimar: 6795 (klokkeimar)

Elevar med vedtak om spesialundervisning i tilrettelagte grupper:

- 288 HT elevar = 282528 klokkeimar totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev
- 175 HTA elevar = 171675 klokkeimar totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev
- 113 HTH elevar = 110853 klokkeimar totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev

Haust 2018

Elevar med vedtak om spesialundervisning i ordinære klassar:

Lærartimar: 7728 (klokkeimar) Assistentimar: 10367 (klokkeimar)

Elevar med vedtak om spesialundervisning i tilrettelagte grupper:

- 298 HT elevar = 292338 totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev
- 191 HTA elevar = 187371 totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev
- 117 HTH elevar = 114777 totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev

b. Elever med vedtak om spesialundervisning i friskulane

Timane som vi rapporterer her gjeld:

- Elevar som er tatt inn i ordinære klassar

På friskulane i Hordaland er dei fleste elevar med vedtak om spesialundervisning tatt inn med mål om karakter i faga, og får opplæring i ordinære klassar. Det har berre vore om lag 3-4 elevar med sterkt nedsett funksjonsevne i friskulane dei siste åra. Dersom friskulane tar inn elevar med sterkt nedsette funksjonsevner dekkjer fylkeskommunen utgifter til opplæringsbehov etter tilsvarende sats som elevar i HFK med tilsvarende nedsett funksjonsevne.

Tal elevar i friskular i HFK per år:

Indikator og nøkkeltal	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Tal på elevar	2 841	2 921	2 985	2 943	2 838
Tal på skular	12	12	12	12	12

Kilde: skoleporten.udir.no

Tal elevar med vedtak om spesialundervisning i friskular , HFK, per år:

Skuleår	Tal elever i ordinære klassar	Prosent av totalt elevtal i friskulane
2015-2016	36	1,23%
2016-2017	37	1,24%
2017-2018	78	2,65%
2018-2019	57 (høst 2018)	2%

Kilde: Seksjon skule, HFK

Vi rapporterer ikkje tal om spesialundervisning frå Steinerskolen på Skjold, helsepedagogisk avdeling. Elevene på denne skulen har spesialundervisning i alle fag, men HFK finansierer ikkje dette (friskule med tilskot etter sats for særleg ressurskrevjande elevar, jf. §4-3 i økonomiforskrift til friskulelova.)

2015 - 2016

Elevar med vedtak om spesialundervisning i ordinære klassar:

Lærartimar: 5108 (klokkeimar) Assistenttimar: 3859 (klokkeimar)
2 elevar med sterk nedsett funksjonsevne = 1962 klokkeimar totalt, 981 klokkeimar per elev

2016 – 2017

Elevar med vedtak om spesialundervisning i ordinære klassar:

Lærartimar: 4873 (klokkeimar) Assistenttimar: 2615 (klokkeimar)
2 elevar med sterk nedsett funksjonsevne = 1962 klokkeimar totalt, 981 klokkeimar per elev

2017 - 2018

Elevar med vedtak om spesialundervisning i ordinære klassar:

Læretimer: 6607 (klokkeimar) Assistenttimer: 3289 (klokkeimar)
3 elevar med sterk nedsett funksjonsevne = 2943 klokkeimar totalt, 981 klokkeimar per elev

Haust 2018 (vedtak om spesialundervisning gjeld for heile skuleåret)

Elevar med vedtak om spesialundervisning i ordinære klassar:

Læretimer: 5285 (klokkeimar) Assistenttimer: 3491 (klokkeimar)
4 elevar med sterk nedsett funksjonsevne = 4905 klokkeimar totalt, 981 klokkeimar per elev

2. Hvor mange timer spesialundervisning er gitt til elevene?

a. Tal timer spesialundervisning i offentlig skule

Timane som vi rapporterer her gjeld:

- Elevar som er tatt inn i ordinære klassar med enkeltvedtak om spesialundervisning
- Elevar som er tatt inn i tilrettelagte grupper og har heile opplæringa si som spesialundervisning. Dette gjeld elevar i arbeidslivstrening (HTA), kvardagslivstrening (HTH) og i egne grupper (HT)

2015 – 2016:

Elevar i ordinære klassar:

Lærartimar: 9413 (klokkeimar) Assistenttimar: 910 (klokkeimar)

Elevar i tilrettelagte grupper:

- 299 HT elevar = 293319 klokkeimar totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev
- 221 HTA elevar = 216801 klokkeimar totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev
- 107 HTH elevar = 104967 klokkeimar totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev

2016 – 2017

Elevar i ordinære klassar:

Lærartimar: 16111 (klokkeimar) Assistenttimar: 3053 (klokkeimar)

Elevar i tilrettelagte grupper:

- 285 HT elevar = 279585 klokkeimar totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev
- 197 HTA elevar = 193257 klokkeimar totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev
- 105 HTH elevar = 103005 klokkeimar totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev

2017 – 2018

Elevar i ordinære klassar:

Lærartimar: 10767 (klokkeimar) Assistenttimar: 4341 (klokkeimar)

Elevar i tilrettelagte grupper:

- 288 HT elevar = 282528 klokkeimar totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev
- 175 HTA elevar = 171675 klokkeimar totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev
- 113 HTH elevar = 110853 klokkeimar totalt per gruppe, 981 klokkeimar per elev

Haust 2018

Det er ikkje mogleg å rapportere tal for hausten 2018, fordi dokumentasjon om gitt timar (årsvurdering) kjem i juni, jf. § 5-5 i opplæringslova.

b. I friskoler

Timane som vi rapporterer her kjem frå årsvurderingane som friskulane har sendt.

Timane som vi rapporterer her gjeld:

- Elevar som er tatt inn i ordinære klassar

2015 – 2016

Elevar i ordinære klassar:

Lærartimar: 4390 (klokkeimar) Assistenttimar: 3916 (klokkeimar)

2 elevar med sterk nedsette funksjonsevne = 1962 klokkeimar totalt, 981 klokkeimar per elev

2016 - 2017

Elevar i ordinære klassar:

Lærartimar: 3525 (klokkeimar) Assistenttimar: 2615 (klokkeimar)

2 elevar med sterk nedsette funksjonsevne = 1962 klokkeimar totalt, 981 klokkeimar per elev

2017 – 2018

Elevlar i ordinære klassar:

Lærartimar: 4793 (klokkeimar)

Assistenttimar: 2334 (klokkeimar)

2 elevlar med sterk nedsette funksjonsevne = 1962 klokkeimar totalt, 981 klokkeimar per elev

Haust 2018

Det er ikkje mogleg å rapportere tal for hausten 2018, fordi skulane har ikkje sendt dokumentasjon om gjennomførte timar ennå (Individuell opplæringsplan og tabell med oversikt over timar).

Når friskulane tar inn elevlar med sterkt nedsett funksjonsevne, dekker fylkeskommunen utgifter til opplæringsbehov etter same sats som elevlar i HFK med tilsvarande nedsett funksjonsevne. Dette er finansiert med same sats som en HTA eller HTH elev i offentleg vidaregåande skule.

3. Hvor mange elever får vedtak om spesialundervisning (minst 1 time) i prosent av det totale antall elever i Hordaland?

Sjå tabell spørsmål 1.

Elevlar med sterkt nedsett funksjonsevne som får spesialundervisning, eller som manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga får opplæring i faste tilrettelagte grupper. Desse elevane, utgjør omlag 95 – 97 % av elevane som får vedtak om spesialundervisning i HFK. Dei resterande elevane med vedtak om spesialundervisning går i ordinære klasser.

Elevlar som får spesialundervisning og som er tatt inn i ordinære klassar, utgjør i underkant av 100% av elevane som får vedtak om spesialundervisning i friskulane. Unntaket er om lag 3-4 elevane med sterk nedsett funksjonsevne som årleg blir tatt inn og som får delar av opplæringa enten i gruppe eller som eineundervisning.

4. Gjøres det tiltak for å redusere bruken av spesialundervisning etter at det er gitt vedtak fra OT/PPT?

Det er fylkesdirektør opplæring som fattar vedtak om spesialundervisning på bakgrunn av sakkunnig vurdering frå PPT. Når eit vedtak er fatta er skulen forplikta til å følge vedtaket som gir eleven ein individuell rett til spesialundervisning slik det står i vedtaket.

Tiltak for å redusere behovet for spesialundervisning i form av ekstra ressursar eller særleg organisering kan best gjerast *før* ei sak vert tilvist til PPT for sakkunnig vurdering. PPT er med i ressurstam ved alle dei offentlege skulane og ved friskulane i Hordaland. Før ei sak vert tilvist til PPT skal skulen drøfte saka med PPT i ressursteam. I saman med PPT vert det vurdert om skulen kan prøve ut tiltak innanfor den ordinære opplæringa før ein tilviser for sakkunnig vurdering. PPT vil kunne rettleie skulen om aktuelle tilretteleggingstiltak. Skulen må skrive ein pedagogisk rapport som beskriv kva som har vore prøvd ut av tiltak før det vert sendt tilvising til PPT. Dette arbeidet er svært viktig for å sikre at spesialundervisning berre er eit tilbod til elevlar som ikkje kan få utbytte av den ordinære opplæringa.

Hordaland fylkeskommune har rutinar som forpliktar dei fylkeskommunale skulane til å prøve ut tilretteleggingstiltak før ei sak blir tilvist til PPT, og for å kvalitetssikre at skulane følgjer rutinane. HFK har også tilsvarande rutinar for friskulane.

5. Får alle elevene det timetallet som vedtaket tilsier de har rett på?

Tildelte timar går fram av vedtaket. Både offentlege skular og friskulane er pålagt å sende inn årsrapport der det skal gå fram kor mange timar spesialundervisning som er gitt og grunngje eventuelle avvik. Desse rapportane vert lagt til grunn for tildeling av midlar til spesialundervisning.

Dei offentlege skulane i HFK bruker eit elektronisk system for handsaming av søknader om spesialundervisning (NSSU). Seksjon skule har tilgang til systemet, og kan slik følgje opp saksgangen i alle skular, jf. § 13-10 i opplæringslova om fylkeskommunen sitt ansvar. Timane som er rapportert i denne saka

kjem frå NSSU gjennom årsrapport som skulane skriv ved slutten av skuleåret for kvar elev som har spesialundervisning.

Når det gjeld elevar med vedtak om spesialundervisning i ordinær opplæring i dei offentlege skulane, viser dei rapporterte tala under spørsmål 2 at det er avvik mellom rapporterte tal for gjennomførte timar og tildelt timetal i vedtaket. Skulane må kommentere eventuelle avvik i årsrapporten. Ein stikkprøvekontroll av årsrapportar viser at det kan vere ulike årsaker til avviket, men dei vanlegaste er at elevar har stort fråvær eller sluttar, eller at dei ikkje ønskjer å ta i mot tilbod om spesialundervisning lenger, eller at det kan ha teke tid å rekruttere assistent. Deler av avviket skuldast også at ein del skular har mangelfull rapportering.

Det er viktig å merke seg at tildeling av midlar til spesialundervisning i offentlege skular også skjer etter søknad frå skulane og på grunnlag av årsrapportane der skulane rapporterer om tal timer som faktisk er gitt. Stikkprøvekontrollen basert på årsrapportar frå dei offentlege skulane viste at skular med mangelfull rapportering heller ikkje har fått tildelt ekstra midlar til spesialundervisning.

6. Finnes det sammenlignbare tall på fylkesnivå for hvor mange timer med spesialundervisning som blir gitt pr fylke, og hva som er snittkostnaden for disse?

Det ligg ikkje føre samanliknbar statistikk for vidaregåande opplæring så vidt vi er kjent med. Offentleg statistikk (kostra) syner kostnad til spesialundervisning pr fylke og snittkostnad pr. elev i offentlig vidaregåande skule. Det er det totale elevtalet som er nytta når det er laga statistikkvariabel og ikkje talet på elevar som får spesialundervisning.

Del 2.

1. Hvor mye penger er det brukt på spesialundervisning i friskoler i 2015, 2016, 2017 og 1.halvår i 2018 og hvor mange timer er det gitt vedtak på i de samme årene?

Under følger oversyn over utbetalt tilskot til spesialundervisning i friskular i perioden 2015-2017 samt søkbar pott for 2018. Det er viktig å merke seg at rekneskapsåret avviker frå skuleåret.

Rekneskap 2015: kr 4 725 973 inkl. elevar med sterkt nedsett funksjonsevne

Rekneskap 2016: kr 4 337 906 inkl. elevar med sterkt nedsett funksjonsevne

Rekneskap 2017: kr 4 598 697 inkl. elevar med sterkt nedsett funksjonsevne

I 2018 er det berre levert inn nokre refusjonskrav, og fylkesrådmannen har difor ikkje fullstendige rekneskapstal for dette året enno. Det er periodisert kostnader tilsvarande rekneskapsført utgift i 2017. For 2018 er det for friskulane berekna ei budsjetttramme på 2385461 til ekstra utgifter til elevar som får spesialundervisning.

Når friskulane tar inn elevar med sterkt nedsett funksjonsevne, dekkjer fylkeskommunen utgifter til opplæringsbehov etter same sats som elevar i HFK med tilsvarande nedsett funksjonsevne. Dette kjem i tillegg til potten 2,385 mill kr.

2. Finansieringen av spesialundervisning er endret to ganger siste 4 år. Hva er bakgrunnen for dette?

I opphaveleg tilskotsmodell vart friskulane sine utgifter til spesialundervisning godtgjort etter same timesatsar som elevar i barnevernet som er plassert i anna kommune enn heimkommunen. Dette er felles satsar for kommunane i Hordaland som vert justert årleg. Denne satsen stemte dårleg med satsane friskulane sjølve nytta. Frå skuleåret 2016/17 vart modellen endra ved at timesatsen vart sett til den satsen friskulane sette fram krav om.

Dagens modell vart innført hausten 2017. Endringa er heimla i friskulelova §3-6 2.ledd.

3. Gir den nye beregningsmodellen endrede utgifter for fylkeskommunen til spesialundervisningen i friskolene?

Den nye modellen har berre verka i vel eitt år. Friskulane sender inn refusjonskrav etterskotsvis kvart halvår. Som grunnlag for refusjonskravet skal friskulane m.a. beskrive korleis spesialundervisninga er organisert, t.d. lita gruppe eller einetimar og kor mange timar spesialundervisning som er gitt. Fylkeskommunen har ikkje motteke korrekt utfylte refusjonskrav for 2018 frå alle friskulane enno. Det er difor for tidleg å seie om finansieringsmodellen vil ha verknad på fylkeskommunen sine utgifter til spesialundervisning i friskulane.

4. Hvordan sikrer den nye finansieringsmodellen at pengene kommer elevene som har spesialundervisning til gode?

Finansieringsmodellen er en fordelingsmodell for det som er vedteke av spesialundervisning til elevar. Friskulane får ikkje utbetalt tilskot til spesialundervisning før dei leverer årsrapport for gjennomført undervisning.

5. Hvorfor er ordningen endret fra time for time finansiering av elevenes behov til en felles pott for friskolene, som igjen skal fordeles mellom skolene?

Friskulelova § 3-6 2. ledd seier at «heimkommunen eller heimfylket til eleven sørger for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering og gjer vedtak om spesialundervisning. Heimkommunen eller heimfylket skal dekkje utgiftene til spesialundervisning i frittstående skolar på lik linje med offentlege skolar. Berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning. I tvilstilfelle avgjer departementet kva kommune eller fylkeskommune som er ansvarleg for kostnadene. Departementet har tilsvarande ansvar for elevar ved norske skolar i utlandet».

Ordlyden «på lik linje» tilseier at fordelinga av midlar skal vere likeverdig mellom friskular og offentlege skular. Det er ikkje lovfesta at vedtak om spesialundervisning skal fullfinansierast av fylkeskommunen eller at vedtak om spesialundervisning skal følgjast opp med midlar som dekkjer alle utgifter. Lovteksten gir inga klar beskriving av korleis midlane skal fordelast, men gir dei ulike fylkeskommunane høve til å sjølv å velje den løysinga dei vurderer som mest tenleg så lenge friskulane og offentlege skular blir behandla likeverdig.

6. Hva er lovgrunnlaget for den nye modellen?

Sjå spm 5

7. Får friskolene dekket de reelle utgiftene som opplæringsavdelinga pålegg friskolene gjennom enkeltvedtak til spesialundervisninga.

Sjå spm 4 og 5

8. Hva er med i beregningsgrunnlaget for fordeling av potten som fordeles mellom friskolene?

Potten blir berekna som følgjer:

$$= \left(\frac{\text{pott til dei offentlege skulane}}{\text{ord. elevar i offentlege skular}} \right) \times \text{talet på elevar på friskulane}$$

Berekningsgrunnlagt tek utgangspunkt i vedteke budsjett til spesialundervisning i ordinære klassar i offentlege vidaregåande skular i Hordaland. Vedteken budsjettsum blir delt på totalt elevar tal i ordinære klassar ved dei offentlege skulane og deretter multiplisert med tal elevar ved friskulane i Hordaland. Til elevar med sterkt nedsett funksjonsevne dekker fylkeskommunen utgifter til opplæringsbehov etter same sats som elevar i HFK med tilsvarande nedsett funksjonsevne.



Arkivnr: 2019/1432-2

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	31/19	09.04.2019
Fylkesutvalet		02.05.2019

Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 2 - 2019

Samandrag

Saka gjeld disponering av inneverande års løyving til Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. Samla løyving til formålet er 75 million kroner, og av dette er 32,95 million kroner fordelt av fylkesutvalet 28. mars 2019.

I denne saka rår ein til at det vært løyvd 4,8 million kroner til rehabilitering av deler av Bømlo vgs. med mål om å få bukt med fuktproblem ved skulen.

Økonomi: Løyvinga er finansiert innanfor inneverande års løyving til Rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren.

Klima: Ingen kjende effektar.

Folkehelse: Vedvarande lekkasje og fuktproblem gjev eit dårlig utgangspunkt for å få godt inneklima ved skulen. Tiltaket skal utbetre dette forholdet.

Regional planstrategi: Ingen effekt

Forslag til innstilling

Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019

.	K.sted	Art	Prosjekt	Tekst	Meir utg./ Mindreinnt.	Mindreutg. / Meirinntekt
10	623.020.00	02320	02176	Bømlo vgs. – Rehabil.	4 800 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab./omb./tilbygg		4 800 000
					4 800 000	4 800 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 25.03.2019**Innleiing**

Saka gjeld disponering av inneverande års løyving til Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. Samla løyving til formålet er 75 million kroner, og av dette 32,95 million kroner fordelt av fylkesutvalet 28. mars 2019.

I denne saka rår ein til at det vært løyvd midlar til følgjande tiltak ved Bømlo vgs.

Bømlo vgs. – Rehabilitering

Bømlo vgs. vart ferdigstilt på midten av 1990-tallet. Heilt sidan bygget vart opna har ein hatt utfordringar knytt til lekkasje og at det har kome vatn inn i bygget.

Det er opp gjennom åra gjennomført mange mindre tiltak, utan at ein har fått bukt med problemet, og skulen må framleis nytte seg av bøtter og spann for å samle opp vatn i deler av bygget.

Det er gjennomført ei ny kartlegging knytt til moglege tiltak. Det er konkludert med at ein ved å byggje/utvide einskilde skjermingstak (takutspring), endring av takavlaup med omlegging av dagens løysing for handsaming av overvatn, og nokre bygningsmessige tiltak knytt til vinduer og fjerning av nokre overlys truleg vil bøte på problema. Vidare må ein utbetre eventuelle skadar og skifte einskilde vindauge.

Samla kostnad for tiltaka er kalkulert til 4,8 million kroner, og ein rår til at dette vært løyvd frå inneverande års løyving til Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren.